

## ÅRSMELDING HAVREFJELL TURLAG 2020

### Året då «alle» skulle på tur!



Fransåsen i Risør.  
Foto Astrid Haukenes Bråten

Mens koronaen la si klamme hand over liva våre, oppdaga folk gleda ved det enkle friluftslivet. Fleire fellesturar blei avlyst på grunn av smitteverntiltak.

Men aldri før har så mange strøymd ut i våre turløyper og funne fridomen i den nære naturen. Mange har vist stor takknemlegheit for all den positive dugnaden som blir utført av Havrefjell Turlag og andre lokale krefter.

Stadig fleire er i år blitt opptatt av å ta vare på naturen. Friluftslivet er i medvind som aldri før og vi kan nå begynne å glede oss til at vaksinen snart vil opne for eit meir normalt liv og eit tettare tur-felleskap.

#### På tross av ned-stenging og smitteverntiltak:

- 16 arrangement med 590 deltakarar
- Vedlikehald av 71 km med turløyper
- Aldri før har så mange brukt våre turløyper
- Totalt utført dugnad dette året: ca. 1 250 timar. (Eller 166 dagsverk)
- Medlemstal: 483

***Vi passar på lokale naturverdiar og driv turistinformasjon i Risør, Gjerstad og Nissedal.***

#### Styrets arbeid

Styret har hatt 2 fysiske styremøte, eit styremøte på e-post og aktiv kommunikasjon på nett gjennom heile året. Til saman 57 saker. Leiar har deltatt på strategisamling i AAT på Kvipt i Fyresdal.

Uttale er sendt ang. kommuneplanane i Gjerstad og i Nissedal, ny reguleringsplan for Reinsvatn Sør og Felehovet i Nissedal og reguleringsplan for ny Risørveg. Det er sendt inn forslag om eit nytt verneområde i Risfjell i Gjerstad.

Ole Jakob Bråten blir turlagets kontaktperson mot eit nyoppretta «Sti-lag for Gautefallheia og Heimdalsheia». Laget er eit samarbeid mellom løypeansvarlege og grunneigarar i området.

Styret vil takke alle som bidrar til at vi er eit godt lag, der alle samarbeider nært og der vi alltid er opne for gode innspel og idear. Styret har dette året motteke ca. 20 innspel frå medlemmar og andre.

To av undergruppene har fått nytt namn. Arrangementsutvalet er blitt til Turkomité og Anleggsutvalet er blitt til Anleggskomité. Ansvarsområda i begge komiteane blir som før.

## Arrangement

Etter mange avlysingar på våren p.g.a. korona, kom vi på nytt i gong med turane. Vi har vore nøye med smittevern, avstand og registrering av alle som blei med. Heile 590 blei med på tur.

Dato	Gjennomførte arrangement og turleiingar	Barnas Turlag Havrefjell	Havrefjell Turlag	Frammøte
30.jan	Årsmøte. Lyngrillen, Brokelandsheia i Gjerstad. Tema: Rubenstur. <i>Ruben Smith, Preben Herregården og Sindre Klakegg Brufot. Ansvarleg: Styret.</i>		HT	45
02.feb	KOM DEG UT DAGEN. Kleivvann i Gjerstad. Saman med Gjerstad IL. <i>Olav Smestad, Svanhild Nordheim Dalane, Trond Harald Dalane, Rune Aasbø Lystad, Astrid Haukenes Bråten, Ole Jakob Bråten.</i>		HT	200
05.mar	DNT ambassadørkurs. Lyngrillen, Brokelandsheia i Gjerstad. <i>Astrid Haukenes Bråten.</i>		HT	4
14.jun	Solhomfjell rundt i Gjerstad og Nissedal. <i>Tove Urffjell, Leif Inge Urffjell, Astrid Haukenes Bråten, Ole Jakob Bråten.</i>		HT	9
21.jun	Sykkeltur på Heimdalsheia i Nissedal. <i>Rune Aasbø Lystad og Tor Kristian Gautefall.</i>		HT	12
18.aug	Kveldstur i kano på Skarvann i Risør. <i>Fredrik Gjernes Stebekk, Helge Wroldsen.</i>			11
19.aug	Onsdagstur til Breisåsen og Sandvatn i Nissedal. <i>Kåre Dalane, Anne Gunn Østerholt.</i>		HT	19
30.aug	Tur rundt Vasstøvannet i Gjerstad og Risør. <i>Olav Brokeland, Mary Lie.</i>		HT	30
02.sep	Onsdagstur til Risfjell i Gjerstad. <i>Mary Lie, Kjartan Lie.</i>		HT	16
13.sep	Gjerstadmarsjen frå Almestaua i Gjerstad. Saman med Gjerstad IL <i>Astrid Haukenes Bråten, Ole Jakob Bråten.</i>		HT	100
14.sep	Nærturleiarkurs. Lyngrillen, Brokelandsheia i Gjerstad. <i>Ove Bach, Astrid Haukenes Bråten.</i>		HT	8
16.sep	Onsdagstur til Lindland i Risør. <i>Øystein Lindland, Knut Vangstad.</i>		HT	39
27.sep	Tur til Langhei i Tvedestrand. Saman med Tvedestrand og Vegårshei Turlag. <i>Tove Urffjell, Leif Inge Urffjell, Jan Ove Aslaksen.</i>		HT	9
30.sep	Onsdagstur til Marishei i Gjerstad. <i>Åse Øygarden, Anne Gunn Østerholt.</i>		HT	13
11.okt	Rundtur ved Kleivvann i Gjerstad. <i>May Yvonne Hjellvik, Jostein Vestøl, Astrid Haukenes Bråten, Ole Jakob Bråten</i>		HT	35
14.okt	Onsdagstur til Gryting i Gjerstad. <i>Knut Hagelia, Olav Smestad.</i>		HT	40
				590

KOM DEG UT DAGEN ved Kleivvann i februar blei eit fint familiearrangement, men etter ned-stenginga i mars blei fleire turar for barn og ungdom avlyst pga korona. Mange barnefamiljar har ikkje tatt sjansen på å bli med på fellestur p.g.a. smitterisiko. Vi må i 2021 satse ekstra på barn og ungdom.

Heile 13 turar blei avlyst pga koronatiltak. Blant desse var dei fleste av dei turane som vi hadde planlagt i Nissedal. Nesten alle avlyste turar blir tatt med vidare til turprogrammet for 2021.

Dato	Avlyste arrangement og turleiingar	Barnas Turlag Havrefjell	Havrefjell Turlag
19.apr	Rundtur i Sandneshalvøya kulturløype i Risør. <i>Terje Kjeldsen Møller, Torstein Andersen.</i>		HT
22.apr	Onsdagstur til Hisåsen i Risør. <i>Tore Fidje.</i>		HT
24.apr	Hengekøyetur til Maristjenn i Gjerstad. <i>Ståle Waasjø Øylandsdal.</i>		
03.mai	Topptur til Kronfjell i Nissedal. <i>Tove Urffjell</i>		HT
06.mai	OPPTUR for 8. klassingar til Havrefjell i Nissedal. Saman med AAT. <i>Ståle Waasjø Øylandsdal.</i>		HT
06.mai	Onsdagstur til Kveim / Vik i Gjerstad. <i>Mona Hoel.</i>		HT
20.mai	Onsdagstur til Havrefjell i Nissedal. <i>Anne Gunn Østerholt.</i>		HT
03.jun	Onsdagstur til Heiberg i Risør. <i>Åse Øygarden.</i>		HT
19-21.jun	Helgetur til Mjåvasshytta i Åmli. <i>Kjell Sandåker, Anne Marie Gryting.</i>		HT
14.jun	Barnas Turlag-tur til Tjørull i Nissedal. <i>May Yvonne Hjellvik.</i>		
17.jun	Onsdagstur til Furenusteren i Nissedal. <i>Torhild Hagen.</i>		HT
06.sep	KOM DEG UT DAGEN på Camp Skarvann i Risør. <i>Ståle Waasjø Øylandsdal.</i>		HT
21.nov	Klatredag i Risørhallen i Risør. Saman med Risør Klatreklubb. <i>May Yvonne Hjellvik.</i>		
24.nov	Turtreff på dagtid. Dalen Misjonshus, Arendal. <i>K. Dalane, A.G. Østerholt</i>		HT
8.des	Turtreff på dagtid. Dalen Misjonshus, Arendal. <i>K. Dalane, A.G. Østerholt</i>		HT



Venstre: Kom deg ut dagen ved Kleivvann i Gjerstad. Foto Astrid H. Bråten. Midten: Onsdagstur. Båsvann i Gjerstad. Foto Anne Gunn Østerholt. Høgre: Rundtur på Solhomfjell i Nissedal. Foto Ole Jakob Bråten.

### Styret i Havrefjell Turlag har fleire aktive undergrupper:

- **Barnas Turlag Havrefjell** arbeider med varierte aktivitetar for barn.
- **Dagsturgruppa** har turar på onsdagar kl. 11, har god stemning og bra oppmøte. Dei hadde også planlagt 2 turtreff på dagtid i slutten av året, som begge blei korona-avlyst.
- **Turkomiteen** arrangerer fleire turar og samlar all aktivitet i laget i eit felles turprogram.
- **Anleggskomiteen** arbeider med løyper og andre anlegg.

### Oppsummering av onsdagsturane frå Dagsturgruppa

Dagsturgruppa har hatt to «koronamøte» 28.04 og 03.08, og eit planleggingsmøte for 2021 29.10.20. I tillegg har det vore mange samtalar og e-postar.

Det har vore eit utfordrande år i koronatida, med stor uvisse og mange ulike smitteverntiltak. Dei fem onsdagsturane våren 2020 blei avlyste, og det kjenst heilt rett.

I haust har me gjennomført fem onsdagsturar. Me har lagt vekt på informasjon om koronatiltak og registrering av turdeltakarar før start. Det har vore god stemning på turane, og me har delt mange gode turopplevingar ilag.

Tilsaman har det kome 127 turdeltakarar. Dei kom frå Grimstad, Arendal, Tvedestrand, Vegårshei, Risør og Gjerstad. Det er auka deltaking frå Risør. Det har ikkje kome ein einaste vandrar frå Nissedal! Det er mange nye turdeltakarar i haust.

Aldaren har vore frå under 40 til 80 år, men dei aller fleste er frå slutten av 50 åra til midt i 70 åra. Folk som vandrar er spreke!


Me har fått eit nært samarbeid med Aust-Agder Turistforening ved Dag N Fagermyr og AAT-turer på dagtid ved Ove Bach, gjennom prosjektet Aktiv i 100 og felles turbrosjyre for turar på dagtid.



Onsdagsturane er og med i turbrosjyra for Havrefjell turlag. Turane blir og marknadsførde på heimeside og facebook til Havrefjell turlag, annonser i Aust-Agder Blad (alle turane), Vest-Telemark Blad (turar i Nissedal), i Naturlos og «Det skjer» i Agderposten.

AAT-turer på dagtid og Onsdagsturur samarbeider om det nye tiltaket Turtreff på dagtid, som startar opp i november. Det er planlagt fem samlingar i vintar. Det er laga ei eiga brosjyre om Turtreffa.

Onsdagstur. Marishei. Foto Anne Gunn Østerholt



## Kurs

Vi har i år hatt 2 kurs. 4 gjennomførte DNT-ambassadørkurset og vi fekk 8 nye nærturleiarar.




Nye nærturleiarar. Foto Ove Bach


## Rekord-mange folk på tur

Mange har i år droppa registrering i turbøkane p.g.a. smitterisiko, og det verkelege besøkstalet er mykje høgare. På tross av dette er det ny rekord på både Solhomfjell og Risfjell. Begge stader kunne vi i år tilby nyrenoverte løypenett.

REGISTRERTE BESØK PÅ SOLHOMFJELL 2003 - 2020



REGISTRERTE BESØK PÅ RISFJELL 2003 - 2020



Registrerte besøk siste 10 år i topp-bøkane i løypenettet i Gjerstadskogane (Statskog i Gjerstad og Nissedal):

Stad	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Drivheia	3640	1490	7000	1760	172	1070	273	3375	2300	57
Havrefjell	1704	1919	1981	1814	2800	2646	2429	2325	2451	1877
Solhomfjell	624	727	540	632	883	865	770	967	1058	1156
Mjeltenatten	186	201	200	171	187	208	218	115	150	175
Risfjell	194	278	173	215	232	211	279	189	217	444
<b>Totalt:</b>	<b>6348</b>	<b>4615</b>	<b>9894</b>	<b>4592</b>	<b>4274</b>	<b>5000</b>	<b>3969</b>	<b>6971</b>	<b>6176</b>	<b>3709</b>

### Årets vinnarar i turbøkane:

Drivheia: Kari Hole.

Mjeltenatten: Tor Åsulfsen.

Risfjell: Åse Salvesvold.

Solhomfjell: Elisabeth Ottersland.

Havrefjell: Nina Haugen.

Bøkane har vi i samarbeid med Gjerstad IL.

Ansvarlege: Astrid og Ole Jakob Bråten



Risfjell i Gjerstad. Foto Ole Jakob Bråten

Turbok-kassene



2 turbok-kasser er blitt måla på nytt av Tove og Leif Inge Urfjell.

Til venstre: Måling av kassa på Solhomfjell i Nissedal. Foto Tove Urfjell


Barnebok: Plukk! Studer! Spis!




50 bøkar er kjøpt inn. Foto Ståle Waasjø Øylandsdal

Teljeapparata til Friluftsrådet Sør på Havrefjell i Nissedal og Kleivvann i Gjerstad

Vi drifter apparatet som står ved Havrefjell om sommaren, og flytter det til Kleivvann om vinteren. (Tala gjeld passering i ein retning). Ansvarlege: Astrid og Ole Jakob Bråten



Havrefjell i Nissedal om sommaren. 62 % auke i passeringane sidan 2019.



Kleivvann i Gjerstad om vinteren. Det var dårlegare ski-forhald i 2020.

Registrerte besøk i topp-bøkane til Turlaget i Risør siste år:

	Besøk	Vinnar av trekking
Fransåsen	2250	Line Nørbech
Svegåsen	372	Kjell T. Sandvik

Ansvarleg: Ståle Waasjø Øylandsdal

Teljeapparata til Friluftsrådet Sør på Urheia og Randvik i Risør i 2020

Urheia	72 106
Randvik	28 264

Randvikstranda i Risør  
Foto Astrid Haukenes Bråten



## Løypedugnad

Godt merka turløyper blir ein stadig viktigare del av arbeidet for ei betre folkehelse og for å få folk til å trivast i sitt nærområde. Dette har også hatt høg prioritet frå DNT sentralt. På tross av korona har det også dette året blitt utført mykje dugnad i alle våre 71 km med turløyper.



*Lunsj-tur til Svegåsen i Risør. Foto Ståle Waasjø Øylandsdal*

### Fransåsenløypa (12 km) og løypa til Svegåsen på Barmen i Risør (0,7 km)

Løypene blei nyrenovert i 2019 med nye skilt, karttavler m.m. Vanleg vedlikehald i 2020.

*Dugnad: Ståle Waasjø Øylandsdal, Terje Kjeldsen Møller.*

### Kleivvann – Øygardslia – Slettberg i Gjerstad (3,5km)

Løypa frå 1997 blei i år rydda og merka på nytt.

*Dugnad: Magnhild Aasbø Lystad, Astrid og Ole Jakob Bråten.*

### Bispevegen i Gjerstad (6 km)

Løypa frå 2014 blei i år rydda og merka på nytt frå Vegvisaren til Ormtjennhovet, ved løypekrysset for Vegårshei-løypa mot Vedlausfjell. Det blir vurdert å rydde/merke vidare til Spjotvasslia i Nissedal. *Dugnad: Mona Hoel, Ragna Lunden, Kåre Dalane, Anne Gunn Østerholt, Ole Jakob Bråten.*

### Løypenettet i Risfjell i Gjerstad (10 km)

Rydda og merka på nytt. *Dugnad: Knut og Gunhild Hagelia, Jekke Liby.*

### Løypenettet i Solhomfjell i Gjerstad og Nissedal (16 km)

Her blei det nyrenovert i 2019, med ny bru og gangbanar på myr som blei lagt ut av Knut Hagelia. Vanleg vedlikehald i år. *Dugnad: Reidar Malm, Kari Åsne Rye, Rune Aasbø Lystad, Knut Hagelia, Kåre Dalane, Jarle Håkedal, Ole Jakob Bråten.*

### Villmarksløypa Sandtjønn – Uvdalen – Felehovet på Gautefallheia i Nissedal (23 km)

Heile løypa blei nyrenovert i 2019 med nye skilt, karttavler og bru. Vanleg vedlikehald i år.

*Dugnad: Astrid og Ole Jakob Bråten.*

## Nye løypeprosjekt

### Garte-området i Risør

Ståle er i kontakt med lokale grunneigarar for å prøve å få merka eit løypenett ved Garte. Dette kan bli det neste løypeprosjektet for turlaget.

## Nye løypeansvar i Gjerstadskogane

Jostein Vestøl har merka mange løyper i Gjerstadskogane. Han vil gjerne at Havrefjell Turlag skal overta løypeansvaret for følgjande løyper:

- Krigsminnestien: Torbjørnsli – Sjølvskottjenna – Marksettjenna
- Marksettjenna – Markset - Fjæringstjenna
- Rundløype frå Marksettjenna til Moskam

Dette er 24 km med merka turløyper. Vi arbeider med saken, men må ha folk til å ta årleg løypeansvar før turlaget gir klarsignal til å ta ansvaret. Vi kan følgje opp med løypemerkekurs og god støtte til dei som vil bli med på dette dugnadsarbeidet.

## Havrefjell Turlags løypeansvar

Liste over personar med løypeansvar:

Løypeansvarleg	Km	Løype / strekning	Kommune
Ståle Waasjøl Øylandsdal	12	Fransåsenløypa	Risør
Ståle Waasjøl Øylandsdal	0,7	Svegåsen	Risør
Astrid og Ole Jakob Bråten	3,5	Kleivvann - Øygardslia - Slettberg	Gjerstad
Mona Hoel og Ragna Lunden	6	Bispevegen	Gjerstad
Knut Hagelia	10	Løypenettet i Risfjell	Gjerstad
Knut Hagelia	5	Branntårnet på Solhomfjell - Lille Karistjenn - Stemtjennbekken	Nissedal/ Gjerstad
Reidar Malm og Kari Åsne Rye	4	Stemtjennbekken - vest for Marishei	Gjerstad
Rune Aasbøl Lystad	3	Bjynnsteinen - Branntårnet på Solhomfjell - Fellesstigen	Nissedal/ Gjerstad
Kåre Dalane og Jarl Håkedal	4	Lille Karistjenn - Uvdalsvatnet	Nissedal/ Gjerstad
Astrid og Ole Jakob Bråten	23	Sandtjønn - Uvdalsvatnet - Felehovet	Nissedal
	<b>71</b>		

## Instruks for årleg vedlikehald av løyper i Havrefjell Turlag

Mange uerfarne vil nå ut på tur. Det blir derfor stadig viktigare med god merking og rydding i turløypene. Her er merkeinstruksjonen som styret har vedteke for våre løypeansvarlege:

- Gå gjennom løypa  **kvar vår**  og rydde løypa for kvist og nedfall i ca. 1,5 m. breidde.
- Rydde fri sikt til merking og vardar.
- Bygge opp vardar og toppstein som har rasa ned.
- Sette opp ekstra merking der det er behov.
- Løypa skal vere godt merka i begge retningar.
- Sjekke skilt, tavler, bruer, gangbanar etc.
- Fjerne søppel.
- Måle på nytt når det blir behov.



Måling:

T-merka løype Sandtjønn – Gautefallheia: Raud måling, oljebasert, blanda på C-base, kode RE 30 RS 50.

Andre løyper: Blå måling: Kode1040 B.

Merkemetode: [merkehandboka.no](http://merkehandboka.no)

All merking av turløyper skjer etter spesiell avtale med grunneigarar og etter avtalt merketode. I naturreservat må vi i tillegg ha avtale med vernemyndigheit. Dei fleste løypene blir vedlikehalde av faste personar i lokale lag. Ingen må merke på eiga hand utan avtale.

## Ny gapahuk ved Kleivvann i Gjerstad

Turlaget har starta arbeid med ein ny universell utforma gapahuk like under skileikbakken ved Kleivvann. Materialar er skorne, tomte er grusa og bygget skal reisast sommaren 2021.

Etter å ha innhenta to tilbod, valde styret å leige inn ein del fagarbeid frå Knut Hagelia. Han hadde det klart rimelegaste alternativet, og som vil bli ennå billegare kombinert med dugnad. Knut vil i tillegg sjølv hjelpe til med mykje gratis dugnad.

Gapahuken skal ligge slik at du kan trille inn frå vegen med både barnevogn og rullestol. Den skal lagast i tre og gli godt inn i naturen. Her vil vi ha det søppelfritt og ta godt vare på området.

### **Gratis dugnad:**

*Byggeløype av grunneigar Jens Martin Marcussen.*

*Gitt tømmer til prosjektet, og skrivning av søknader om finansiering: Ole Jakob Bråten.*

*Hogst: Svein Harry Røed.*

*Transport av tømmer og materialar, og tomtearbeid: Olav Aage Haugen.*

*Skjering av tømmer: Jakken Haugen.*

*Drift av prosjektet, stabling og tørking av materialar: Rune Aasbø Lystad.*

*To fulle billass med grus levert av Trydal Maskin.*

### **Tilskott:**

Ein anonym person har gitt 5 000 kr. Statskog har gitt 10 000 kr gjennom ordninga «Statskogmillionen».

Til våren startar vi med dugnad for å få reist gapahuken. Ein stor takk til god hjelp frå mange.



Skileikbakken. Foto Ole Jakob Bråten

## Informasjon



Turlaget satsar stort på god informasjon:

Facebook Havrefjell Turlag

Heile 202 oppslag er i år lagt ut. 1 652 personar følgjer sida. *Dei fleste oppslaga er lagt ut av Ståle Waasjø Øylandsdal og noko er lagt ut av Astrid Haukenes Bråten.*

Facebook Barnas Turlag Havrefjell

31 oppslag i år. 255 personar følgjer sida. *May Yvonne Hjellvik, Ståle Waasjø Øylandsdal, Astrid Haukenes Bråten.*

Heimeside Havrefjell Turlag

39 oppslag og er lagt ut i år. I tillegg er alle aktivitetar lagt ut. Vi har registrert 24 558 besøk av 10 781 unike brukarar på heimesida siste år. Det mest læste oppslaget er den daglege skiføremeldinga frå Kleivvann. *Astrid og Ole Jakob Bråten.*

Oppdatering av UT.no *Utført av Knut Åkredalen*

Turprogram 2020

Turprogrammet blei trykt av ATL Grafisk i 2 000 eksemplar. Programmet blei sendt i posten til våre medlemmar, sett ut på oppslagstavler og lagt ut ein del stader i vårt område. *Ansvarleg: Turkomiteen. Utsending: Astrid og Ole Jakob Bråten.*

## Naturlos-brosjyren frå Friluftsrådet Sør

Turane blei også trykt i Naturlos-brosjyren, som blei sendt ut til alle husstandar i Aust-Agder og i Nissedal. *Ansvarleg: Turkomiteen.*

## Lokal turistinformasjon i våre 3 kommunar

Vi har aldri før svart på så mange spørsmål om lokale turmål som i dette store tur-året.

## Massemedia

Vi har hatt oppslag i Aust Agder Blad, Kragerø Blad Vestmar, Agderposten, Vest-Telemark Blad, igjerstad.no og irisor.no. Vi annonserer turane i Aust Agder Blad og i Vest-Telemark Blad.

## Vi har veldig mange å takke!

- Takk til AAT, DNT, kommunane, private grunneigarar og Statskog.
- Takk til alle organisasjonar og firma som vi samarbeider med.
- Takk til alle som i år har deltatt i dugnad for Havrefjell Turlag.

## Mål

- Vårt viktigaste mål er å få med oss fleire barn og unge ut på tur. Vi vil derfor profilere oss betre blant yngre og prøve å få fleire unge og barneforeldre til å engasjere seg i turlaget.
- Vi bør få fleire aktivitetar i nordre del av Nissedal. Det er der vi har nesten alle medlemmane i denne kommunen.

## Tillitsvalde i Havrefjell Turlag 2020

**Leiar:** Ole Jakob Bråten

**Styremedlemer:** Ståle Waasjø Øylandsdal, Rune Aasbø Lystad, Fredrik Gjernes Stebekk og Knut Bjørn Skyttemyr.

**Varmedlemer:** Helge Wroldsen og Knut Hagelia.

**Valkomit :** Magnus Hovet (leiar), Bente H gbr t Sand ker og Anne Maj Fiskebekk.

**Revisor:** Leif Inge Urfjell.

Styret valde Helge Wroldsen som sekret r og Astrid Haukenes Br ten til kasserar.

Styret har f lgjande underutval:

### **Turkomit :**

St le Waasjø Øylandsdal (leiar), Tove Urfjell, K re Dalane, May Yvonne Hjellvik, Knut Bj rn Skyttemyr og Ole Jakob Br ten.

### **Anleggskomit :**

Helge Wroldsen (leiar), Svein Rosland, Olav Brokeland, Knut Hagelia, Ole Jakob Br ten, St le Waasjø Øylandsdal og Rune Aasb  Lystad.

### **Barnas Turlag Havrefjell**

May Yvonne Hjellvik og Magnus Hovet.

**Dagsturgruppe:** Anne Gunn Østerholt (leiar), K re Dalane,  se  ygarden, Mary Lie og Bodil Haugstveit Naume.



*Sj lvfiska aure  
Foto Astrid Haukenes Br ten*



*Sykkeltur til Stolsvassnuten i Nissedal  
Foto Rune Aasb  Lystad*